

Protokoll frå styremøte

Møtenummer : 12/2018-2019
 Dato : Fredag 8. november
 Klokka : 17.45 – 19.00
 Stad : Myrkdalen Hotel, Voss kommune

NAMN	TIL STADES	FORFALL	FRÅVÆR	IKKJE SAK NR:
Sandal, Nils R. (leiar)	X			
Heimdal, Arve (nestleiar)	X			
Helland, Ruth Sølvi	X			
Schøyen, Lilly	X			
Emil Hillestad		X		
1.vara Heien, Ingrid	X			
2.vara Grimseth, Stian		X		
Ryste, Bodil – fungerande org.sjef	X			
Erling Benjaminsen – økonomikonsulent	X			

Møteplan - neste styremøte:

Torsdag 21. november kl. 18.00, Skei hotell

Representasjon:

Prestasjonskonferansen Olympiatoppen Vest	26.9.19	Nils R. Sandal, Lilly Schøyen, Bodil Ryste
Interimstyremøte	26.9.19	Sandal, Schøyen, Ryste, Leversund
NM 5-kamp junior, Trivselshagen	28.9.19	Sandal
Balansekonferanse «Nå er det hennes tur»	2.10.19	Sandal
Temakveld ernæring og skadeforebyggign	11.10.19	Helland, Ryste
Konstituering Vestland fylkeskommune	15.10.19	Sandal
Dialogmøte Sunnfjord kommune	22.10.19	Heggheim, Ryste
Idrettens Møteplass	26.10.19	Sandal, Ryste, Heggheim, Benjaminsen
IL Brodd 100 år	26.10.19	Sandal
Stiftingsmøte Sunnfjord idrettsråd	28.10.19	Heggheim
Dialogmøte særkrins, region og idrettsråd	31.10.19	Sandal, Schøyen, Heimdal, Ryste, Heggheim, Benjaminsen
100-års jubileum Møre og Romsdal idrettskrets	2.11.19	Heimdal

ORIENTERINGSSAKER:

- Gjennomgang av ekstraordinært og konstituerende idrettskrinsting
- Fordele representasjonsoppgåver
- Stipend- og støtteordning.

SAKER :

Sak 44-2018-2019	Protokoll frå førre møte nr. 11/2018-2019
Sak 45-2018-2019	Årets Eldsjel
Sak 46-2018-2019	Godkjenning av innmeldte representantar til ekstraordinært idrettskrinsting
Sak 47-2018-2019	Framlegg til endra formulering i pkt 2, sak 5 ekstraordinært idrettskrinsting

Sak 44 Protokoll frå førre møte

Vedtak: Protokollen er godkjend

Bakgrunn: Jfr. protokoll frå idrettskrinsstyremøte nr. 11/2018-2019

Sak 45 Årets Eldsjel. Kandidat frå Sogn og Fjordane.

Vedtak: Kandidat frå Sogn og Fjordane vert: Torill Torsvik Ebne, Aurland IL

Bakgrunn: Sjå vedlegg.

Nominasjonen til årets eldsjel er avslutta, og vi har fått oversendt finalistane frå Sogn og Fjordane. Idrettskrinsen har frist til 11. november med å plukke ut fylket sin kandidat til den nasjonale eldsjelprisen, som skal delast ut på Idrettsgallaen i januar 2020.

I kriteriane står det:

Over heile landet er det tusenvis av frivillige eldsjeler som gjennom heile året legg ned ein uvurderleg innsats for sine klubbar og utøvarar. Følgjande kriterer må vere oppfylt for å bli nominert:

- Vedkomande har gjort ein solid innsats for idretten
- Han/ho kan vere enten trenar, tillitsvald eller ha andre verv i idretten
- Ikkje vere heiltidstilsett

Sak 46 **Godkjenning av innmeldte representantar til ekstraordinært idrettskrinsting**

Vedtak: Idrettskrinsstyret tilrår at det ekstraordinære idrettskrinstinget godkjenner innmeldte representantar i samsvar med framlagt representantliste.

Bakgrunn: Liste over innmeldte representantar vert lagt fram og gjennomgått i møtet. Representantane på lista er meldt inn til idrettskrinsen innan fristen som er ei veke før tinget.

Sak 47 **Framlegg til endra formulering i pkt 2, sak 5 ekstraordinært idrettskrinsting**

Vedtak: Idrettskrinsstyret gjer framlegg til det ekstraordinære idrettskrinstinget om endra formulering i sak 5, punkt 2, til: Kr. 3 500 000 vert sett av i ei stifting der kr. 100 000 utgjer grunnkapital og resten til disposisjon som anna eigenkapital.

Bakgrunn: Framlegg til endring har bakgrunn i krav til vedteker for stifting.


Bodil Ryste
Fungerande org.sjef